

ÅRSMELDING 2024 for Allidrett



Rapport laget av:
Inger Kristine Kjellnes

Dato: 05.03.25

Støtteapparat:

Lagleiar og trenar 2024: Inger Kristine Kjellnes
Trenarar våren 2024: Gudrun Varhaugvik, Lisbeth Varhaugvik, Kristoffer Nilsen, Livia Ranete
Trenarar hausten 2024: May-Lill Hjertvikrem, Siw Rindarøy, Ivan Kalita, Najeeb Qurain

Laget si utvikling:

Antall spillere	Nye sp. siste år	Ant. Sluttet
-----------------	------------------	--------------

Våren 2024:

23

Hausten

2024:

29

Kort beskriving av lagets sportslege mål og utvikling:

- Variert aktivitetstilbod der barn får prøvd ulike idrettar i ulike miljø - ALLSIDIGHET
- Utvikle god grunnmotorikk gjennom leik og aktivitet som er tilpassa barnets utviklingsnivå
- Gje barna eit godt fundament for eit aktivt liv
- Gje barna eit godt utgangspunkt for å kunne delta i fleire idrettar seinare
- Aktivitetane skal stimulere barna fysisk, motorisk, sosialt og mentalt

Kort beskriving av miljøet i laget og sosiale aktivitetar:

Fokus på meistring, leik og samarbeid!

3 hovudreglar:

- 1) Ver snill med kvarandre
- 2) Ha det kjekt
- 3) Stoppe opp med det ein held på med å ta beskjed når trenarane bles i fløyta

Namneopprop på byrjinga av treninga.

Viktig med god organisering av treninga for at det skal flyte lettast mogleg. Trenargruppa avtalar før (har ei eiga Messenger gruppe).

Samling/heiarop på slutten av treninga.

Annonsering av treningane på Gil Allidrett sida på Facebook. Halvårsplan med planlagt aktivitet blir lagt ut på same sida.

Informasjon om Allidrett blei sendt ut via VismaSkole til alle i 1- 4. kl. i byrjinga av skuleåret.

Hallaktivitet:

Slåball, orientering, balleik (handball, fotball, basket, volleyball, stikkball mm.), innebandy, badminton, klatring, stasjonar, hinderløyper, friidrett, samarbeidsleikar, dans, yoga og mykje leik.

Uteaktivitet:

Topptur på Jermannburet, tur til leikeplassen på Småge, Kyststien med fjørebingo og fruktstund, Aukraskogen med haustbingo, våravslutning på Smågevatnet med kanopadling og grilling , juleavslutning på Nerbøstranda med lyktetur og julekos.

Kort beskrivelse av kurs og anna opplæring i inneværende og neste sesong:

I staden for foreldremøte blei det lagt ut ein presentasjon på GIL Allidrett sida på Facebook så foreldra kunne lese.

Anna:

Allidrett følgjer skuleåret og har trening kvar måndag frå kl. 17.30 - 18.30. Treningsstad er oftast Aukrahallen. Me legg alltid opp til nokre turar på Gossen i løpet av året.

Allidrett er eit tilbod til alle barn frå 1.- 4. klasse. Størsteparten av medlemmane er frå 1. og 2. klasse. Det er viktig å få med trenarar frå foreldregruppa i 1. klasse slik at ein kan gje «stafett-pinnen» (trenarrolla) vidare. Dessverre slit me med å rekruttere nye foreldretrenarar, og mange kvir seg på rollene med meir ansvar.

Allidrett er den gruppa i Gossen Idrettslag med flest medlemmar. Fleire av medlemmane er framandspråklege.

Oppmøte på treningane er varierende. Foreldra er oppmoda til å gje beskjed når barnet ikkje kjem, men gjer det sjeldan. Det gjer planlegginga av treninga utfordrande. Det er ofte dårlegare oppmøte dei gongene me går på tur.